



Arkivsaknr: 2024/27-3
Sakshandsamar: Edvard Feyling Hviding
Avdeling: Plan og analyse

SAKSFRAMLEGG

Forlenging av bandleggingssone - Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Utvalssak	Utval	Møtedato
17/24	Utval for areal, plan og miljø	07.02.2024
10/24	Kommunestyret	22.02.2024

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D I kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

Saksopplysningar:

I Kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 er det ei vedteken sone for bandlegging med heimel i plan og bygningslova (pbl). Den beskriv areal som vil vere bandlagt for framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefet tunnelen, med tilhøyrande tilførselsvegar, lokalvegar, vegkryss, tunnel, gang- og sykkelvegar, rasteplassar og kontrollplassar. Bandleggingssona er gjeldande fram til vedtak av kommunedelplanen for E39 eller inntil fire år. kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen vart vedteke i 2019. Bandleggingssona er gått ut og må gjennom eit formelt vedtak vidareførast.

Vurdering:

I kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen (vedteke 15.09.2019) blei det etablert ei sone for bandlegging for kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen i påvente av vedtak for den endelege vegtraseen.

Statens vegvesen har arbeida med framlegg til kommunedelplan for E 39 over fleire år. Det er eit omfattande planarbeid som har teke tid. Plandokument er i 2023 formelt oversendt til Alver kommune for vidare behandling til høyring og offentleg ettersyn. I gjeldande

kommunedelplan er sona for bandlegging til areal for infrastruktur gyldig i 4 år frå vedtaksdato av planen. Denne sona må formelt forlengast gjennom eit politisk vedtak i kommunestyre og i dialog med Statforvaltaren som har den endeleg mynde i slike saker.

Den 29. august 2023 mottok Alver kommune eit brev frå Statens vegvesen som ber kommunen handsame saka om forlenging av bandleggingssona til vedtak av kommunedelplanen for E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Administrasjonen kontakt med Statsforvalteren for råd og vidare handsaming av søknaden, 06. oktober fekk administrasjonen svar frå Statsforvalteren på korleis søknaden skal handsamast. For at administrasjonen i samråd med Statens vegvesen skal kunne arbeida vidare med saksbehandling av KDP E 39 og utarbeiding av framtidig reguleringsplan er det naudsynt at bandleggingssona forlengast.

Bandleggingssona er foreslått vidareført utan endringar med same innhald som i dag med opening for tiltak i samsvar med gjeldande planar med følgjande presisering:

- Alle tiltak innanfor reguleringsplanar eldre enn 10 år.
- Tiltak på terrengnivå over tunnel som ligg nærmare tunnelportane enn 50 m.
- Tiltak som går lengre ned i grunnen enn 2 meter under overflata innanfor tunnelsona.-
- Søknad om dispensasjon frå gjeldande plan som ikkje gjeld mindre tiltak etter pbl. §§ 20-4 og 20-5, vatn- og avløpsanlegg, arealoverføringar til uendra bruk.

Vedtaks punkt frå 1. gangs behandling av bandleggingssona:

APM- 136/23 Vedtak: Innstilling i APM - 08.11.2023:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf pbl. § 11-8 D i fire år. Alver kommunestyre 23.11.2023:

Framlegg frå S.Hauge: AP:

Kommunestyret utset sak 196/23 - 23/77805 - Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Saka sendes tilbake til administrasjon. Det må etablerast kontakt med Statens Vegvesen med mål om å redusere bandleggingssona i forhold til trasse foreslått i Kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Flatøy-Eikefettunnelen PlanID: 1263-201611 oversendt frå Statens Vegvesen til Alver kommune. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 196/23 Vedtak:

Kommunestyret utset sak 196/23 - 23/77805 - Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Saka sendes tilbake til administrasjon. Det må etablerast kontakt med Statens Vegvesen med mål om å redusere bandleggingssona i forhold til trasse foreslått i Kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Flatøy-Eikefettunnelen PlanID: 1263-201611 oversendt frå Statens Vegvesen til Alver kommune.

Nye opplysningar i saka:

I tråd med vedtakspunkt KO-196/23 har administrasjonen etablert kontakt med Statens vegvesen, og har heldt dialogmøte angående vidare behandling. Det har også blitt gjennomført eit dialogmøte med utvalsleiar i areal, plan og miljø for å diskutera saka i tråd med vedtakspunkta og dei nye opplysningane i etterkant av møte med Statens vegvesen.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommunestyre gjev sin tilslutning til forlenging av sone for bandlegging (H710) etter pbl. § 11-8, 3. ledd, D fram til vedtak av kommunedelplanen. Dette vil vere i påvente av vidare behandling av kommunedelplanen E39 Flatøy - Eikefettunnelen.

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 07.02.2024:

Utvalsleiar Ståle Hauge-Ap fremma eit tilleggsforslag til vedtak.

1. Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D I kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og kommunedelplan for Lindås 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

Framlegget blei samrøystes vedteke

Kommunedirektøren sitt forslag blei samrøystes vedteke med tilleggsforslaget

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 07.02.2024:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D I kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D I kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og kommunedelplan for Lindås 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

Handsaming i Kommunestyret - 22.02.2024:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø var samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 22.02.2024:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D I kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D I kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og kommunedelplan for Lindås 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.